

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Arbeidsutval delegeringsreglement</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/video
<b>Dato:</b>	22.09.2020
<b>Tid:</b>	08:30

Du vert med dette kalla inn til fjernmøte i Arbeidsutval delegeringsreglement tysdag 22.september.

Tor Andre Ljosland

leiar

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 10/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 11/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 17. august 2020	2020/43675	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 7/20	Reglement for folkevalde organ og delegering	2019/13	

## **Godkjenningssaker**

**GK 10/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2020/43675-9  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Arbeidsutval delegeringsreglement	11/20	22.09.2020

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte 17. august 2020**

Møteprotokoll frå møte i arbeidsutvalet 17. august 2020 er lagt ved saka.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Arbeidsutval delegeringsreglement</b>
<b>Møtestad:</b>	, Fylkeshuset Sandsli, Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli
<b>Dato:</b>	17.08.2020
<b>Tid:</b>	11:00-13:00

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Tor André Ljosland	Leiar	Krf	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 8/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 9/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29. mai	2020/43675	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 6/20	Revidering av reglement for folkevalde organ og delegering	2020/43675	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 8/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 9/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29. mai**

Møteprotokoll frå møte 29. mai vart godkjend utan merknader.

## **Politiske saker**

### **PS 6/20 Revidering av reglement for folkevalde organ og delegering**

Forslag til vedtak

1. Arbeidsutvalet tek saka til drøfting og vitande.

### **Saksprotokoll i arbeidsutval delegeringsreglement - 17.08.2020**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Arbeidsutvalet tek saka til drøfting og vitande.

## **Politiske saker**

### **PS 7/20 Reglement for folkevalde organ og delegering**



---

Saksnr: 2019/13-5  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Arbeidsutval delegeringsreglement	7/20	22.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

### Reglement for folkevalde organ og delegering

Arbeidsutvalet sitt forslag til vedtak

1. Fylkestinget vedtek revidert reglement for folkevalde organ og delegering som vedlagt, med følgjande endringar: .....
2. Fylkestinget sluttar seg til tilrådingane som går fram av saksframlegget.
3. Arbeidsutvalet held fram med sitt arbeid, med dei same medlemene. Neste større revidering av reglement for folkevalde organ og delegering skjer i fylkestinget i mars 2021.

### Samandrag

Arbeidsutvalet føreslår fleire endringar i reglement for folkevalde organ og delegering. For nokre tema arbeidsutvalet har fått utgreidd, finn arbeidsutvalet ikkje grunnlag for endringar av reglementet, men heller endring av praksis/rutinar. Fylkesrådmannen har levert saksframlegg og utgreiingar som etterspurt av arbeidsutvalet, og dessutan løfta problemstillingar inn til arbeidsutvalet, mellom anna ordninga med konsultative medlem. Arbeidsutvalet står bak konklusjonar og tilrådingar som går fram av saksframlegget, medan saksframlegget er ført i pennen av administrasjonen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reglement for folkevalde organ og delegering vart vedteke ved konstitueringa av fylkestinget i oktober 2019. Reglementet vart revidert ved vedtak av fylkestinget i mars 2020.

I fylkesutvalet 14.02.2020 vart fatta slikt vedtak:

«Fylkesutvalet set ned ad-hoc utval for revidering av reglement for folkevald organ og delegering. Utvalet må vere klar med arbeidet i god tid før fylkestinget i juni.

Som medlem av utvalet:  
Aleksander Heen  
Tor Andre Ljosland  
Silja Ekland Bjørkly»

Arbeidsutvalet er per definisjon eit folkevald organ etter kommunelova. Arbeidsutvalet har fram mot vedtak av revidert reglement i fylkestinget gjennomført 6 møter, alle tilrettelagd av administrasjonen. Noko av forseinkinga i leveranse av arbeidet må tilskrivas coronautbrotet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek reglement for folkevalde organ, reglement for delegering og innstilling, reglement for saksbehandling, reglement for økonomiforvaltninga og reglement for finans- og gjeldsforvaltninga, jf. kommunelova §§ 5-13, 5-14, 11-12, 14-2 bokstav d og e.

I Vestland fylkeskommune er alle reglementa samla i dokumentet reglement for folkevalde organ og delegering.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant  
**Klima:** Ikkje relevant  
**Folkehelse:** Ikkje relevant  
**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Oversendingsforslag

Arbeidsutvalet har vurdert om ein skal regulere *oversendingsforslag*.

Etter arbeidsutvalet si vurdering er det ikkje trong for eit skilje mellom oversendingsforslag og andre forslag. Eit forslag om å be fylkesrådmannen vurdere særskilde tilhøve eller kome tilbake med ei utgreiing knytt til ei konkret sak som er på saklista, er å sjå som eit vanleg forslag som utvalet voterer over.

Dersom det i eit møte kjem forslag som ikkje er knytt til ei sak på saklista, må organet først ta stilling til om saka skal setjast på saklista. Møteleiar eller 1/3 av medlemene kan setje seg i mot.

Verken kommunelova eller reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland legg til rette for at folkevalde organ kan sende forslag eller setje ei sak på saklista i andre folkevalde organ. Vestland sitt reglement for folkevalde organ og delegering byggjer på ei mynndedeling mellom dei ulike organa. Dersom ein opnar for at folkevalde organ kan setje dagsorden i andre folkevalde organ, vil mynndedelinga verte uklar, og ein risikerer saker som verserer att og fram mellom ulike organ.

Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at kommunelova ikkje set noko sperre for at eit organ kan sende ei fråsegn til eit anna organ. Det vil då vere opp til leiar i mottakarorgan om ein vil setje saka på saklista.

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet finn ikkje grunnlag for særskild regulering av oversendingsforslag.

### Skriftlege spørsmål/interpellasjonar og fråsegn i fylkestinget

Arbeidsutvalet har drøfta regulering av skriftlege spørsmål og interpellasjonar, og meiner dei skal vere likestilt når det kjem til behandlingsrekkefølge. Arbeidsutvalet finn at behandlingsrekkefølge skal vere bestemt ut i frå når spørsmål/interpellasjon er motteke. Arbeidsutvalet finn at skriftlege spørsmål og interpellasjonar skal behandlast mot slutten av møte, før fråsegn.

På bakgrunn av arbeidsutvalet sine ønske, har fylkesrådmannen utarbeidd følgjande endringar i regulering av skriftlege spørsmål/interpellasjonar i reglement for fylkestinget:

«Innkome interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert refererte ved opninga av fylkestinget. Desse skal behandlast ved slutten av tingsete, før fråsegn, starten av tingsete ~~andre dag, med mindre tingsete berre går over ein dag. Dette skal gå fram av programmet.~~

Interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert behandla i den rekkefølga dei kjem inn, ~~likevel slik at interpellasjonane vert behandla samla før andre spørsmål.~~ Spørjaren må i oversendinga gjere det klart om det er ein interpellasjon eller eit spørsmål.»

### Fråsegn

Arbeidsutvalet ønskjer ei regulering der framlegg om fråsegn vert varsla ved godkjenning av saklista. På bakgrunn av arbeidsutvalet sine ønske, har fylkesrådmannen utarbeidd følgjande endringar i regulering av fråsegn i reglement for fylkestinget:

«Dersom fylkestinget ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkestinget vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla ved godkjenning av saklista. Møteleiar eller 1/3 av medlemene i organet kan då sete seg i mot at saka vert sett på saklista, jf. kommunelova § 11-3 (5), i samband med ordskiftet etter talane. ~~Dersom fråsegn vert sett på saklista, vert dei behandla til sist i tingsete.»~~

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at regulering av skriftlege spørsmål/interpellasjonar og fråsegn i fylkestinget vert justert i tråd med framlegg over.

### Mindretalsanke

Arbeidsutvalet har drøfta om ein skal regulere *mindretalsanke*. Kommuneleva har inga slik regulering, og Hordaland fylkeskommune hadde heller ikkje det. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde regulert mindretalsanke slik i saksbehandlingsreglementet:

«Minst 1/4 av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegner, kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.

Krav om anke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til ankeinstansen saman med saksframstillinga.

Utvalet sitt vedtak kan ikkje iverksetjast før anken er avgjort.»

Arbeidsutvalet finn ikkje grunnlag for å opne opp for ein slik ankerett i Vestland. Etter arbeidsutvalet si vurdering er kommunelova sine føresegner om lovlegkontroll velfunderte og ivaretek omsynet til kontroll. Etter arbeidsutvalet si vurdering vil ei ordning med mindretalsanke skape uforutsigbarhet og forseinkingar med iverksetjing av vedtak.

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at det ikkje vert regulert høve til mindretalsanke.

### Saksordførarordninga

Arbeidsutvalet har drøfta saksordførarordninga. Arbeidsutvalet finn at retningslinene for ordninga ikkje gir ei føreseieleg rolle. Kjerneoppgåva er etter arbeidsutvalet si vurdering å koordinere eksterne innspel. Etter arbeidsutvalet si vurdering har hovudutvalsleiarane i kraft av posisjon og

frikjøp høve til å koordinere eksterne innspel dersom behov, og dessutan orientere om saka i ulike organ. Arbeidsutvalet meiner difor at saksordførarordninga bør avviklast.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at saksordførarordninga vert avvikla. Val av saksordførarar som allereie er gjort, vert ståande.

#### Subsidiært, dersom fylkestinget ikkje avviklar saksordførarordninga:

I retningsliner for saksordførarordninga punkt 3 følgjer at saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget. Arbeidsutvalet vil rå til at hovudutvala sjølv skal nemne opp saksordførar.

Under punkt 2 der det heiter at «..saksordførar skal nyttast...», vil arbeidsutvalet endre ordlyden til «kan».

Arbeidsutvalet ønskjer òg at det skal gå fram av retningslinene at saksordførar skal koordinere eksterne innspel.

#### Merknader

Arbeidsutvalet har vurdert ei ordning der medlemene i folkevalde organ kan få protokollert «merknader» (som noko anna enn protokollmerknad) i møteprotokoll. Arbeidsutvalet vil rå til at det vert tilrettelagd for ei slik ordning, der medlemene òg kan slutte seg til merknader. Medlemene må sjølv leggje inn merknader (på same måte som forslag) i digitalt verktøy.

Arbeidsutvalet vil streke under at det ikkje ligg noko oppfølging/aktivitetsplikt hjå fylkesrådmannen knytt til merknader.

Arbeidsutvalet har ikkje definert kva ein merknad er. Av førearbeida (Ot. prp. nr. 42 (1991-1992)) til gamal kommunelov følgjer om *protokollmerknad*.

«Med protokolltilførsel siktes det til at medlemmene får protokollert sine (avvikende) oppfatningar, i første rekke stemmeforklaring og/eller kritikk av saksbehandlingen.»

Merknader er då skriftlege ytringar som ikkje er forslag til voteringspunkt, og som ikkje er protokollmerknad. Det vil vere opp til medlemene å leggje inn høvesvis merknad og protokollmerknad på rett stad i digital løysing.

I saksbehandlingsreglementet punkt 8 om kva ein møtebok skal innehalde, vil «merknader» vere inkludert.

#### Delkonklusjon

Medlemene i folkevalde organ vert gjeve høve til å protokollere *merknader*.

#### Leggje ned planutvalet

Arbeidsutvalet har vurdert trongen for å ha eit planutval. Arbeidsutvalet vurderer det slik at fylkesutvalet kan fyller funksjonen til planutvalet. Arbeidsutvalet viser til at fylkestinget etter kommunelova § 5-7 (5) når som helst kan omorganisere eller leggje ned utval.

Arbeidsutvalet rår difor til at planutvalet vert lagt ned.

I og med arbeidsutvalet sin konklusjon om å leggje ned planutvalet, vil oppgåvene som no ligg til planutvalet høyre under fylkesutvalet.

#### Delkonklusjon

Planutvalet vert lagt ned og oppgåvene flytt til fylkesutvalet.

#### Møteplan

I Vestland sitt saksbehandlingsreglement punkt 5 heiter det mellom anna:

«Fylkesutvalet behandlar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, planutvalet og finansutvalet.»

Arbeidsutvalet har problematisert om fylkesutvalet har høve etter lova til å vedta møteplan. Fylkesrådmannen si vurdering er at det er tale om ein *plan*, og at mynde til å vedta slik plan derfor ikkje strir mot kommunelova § 11-2 (2) bokstav a, som seier at møte i folkevalde organ skal haldast dersom «*Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det*».

Arbeidsutvalet meiner likevel at mynde til å fastsetje møteplan bør liggje hjå fylkestinget, og at dette vert regulert i reglement. Organet sjølv kan likevel framleis vedta møte/endre møtetidspunkt, jf. kommunelova § 11-2 (2).

#### Delkonklusjon

Fylkestinget fastset møteplan etter saksbehandlingsreglementet punkt 5.

#### **Fjernmøte i fylkesting**

Arbeidsutvalet har vurdert regulering knytt til høve til å halde fjernmøte i fylkestinget.

Av Vestland sitt saksbehandlingsreglement punkt 6 følgjer mellom anna:

«Fylkestinget har ikkje høve til å ha fjernmøte. Fylkestinget kan likevel, som andre folkevalde organ, halde hastefjernmøte etter nærare reglar i kommunelova § 11-8.»

I samband med fastsetting av *Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19*, kom kommunal- og moderniseringsdepartementet med følgjande uttale om situasjonen der fylkestinget ikkje har regulert mogleheita til sjølv å halde fjernmøte:

«Kommunestyret selv, i et fjernmøte må kunne bestemme at møtet avholdes i slik form.»

Arbeidsutvalet legg til grunn at dette òg må gjelde i dei tilfella der fylkestinget har vedteke at fylkestinget ikkje har høve til å halde fjernmøte, slik det er i Vestland.

Per no er det altså regulert slik at fylkestinget ikkje har høve til å halde ordinære fjernmøte. Fylkesordførar kan likevel kalle inn til eit slikt møte, der ein ved godkjenning av innkalling voterer om ein skal halde møte som fjernmøte.

Fylkesordførar kan dessutan kalle inn til *hastefjernmøte* etter nærare føresegner i kommunelova § 11-8.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet finn ikkje grunnlag for å endre gjeldande regulering på dette område.

#### **Innspel frå partigrupper**

Frå SV si gruppe kom innspel om at reguleringssaker der Vestland er høyringspart, skal innom hovudutval for næring, som gjev innstilling til fylkesutvalet. FNB støtta i uttale innspelet frå SV. FNB framheva vidare at natur , naturvern, landskapsvern, kulturlandskapsvern er viktige politikkkfelt i fylket, men ikkje presist innplassert anna enn i fylkesutvalet. FNB meiner at både utval for kultur og utval for næring bør få kompetanse til å handsame slike saker.

Arbeidsutvalet har drøfta innspela over, men finn ikkje grunnlag for å endre ordninga med at fylkesutvalet gir uttale utan innstilling.

Frå FNB kom det vidare ønske om at reglementet for folkevalde organ og delegering tydeleggjer dei folkevalde sitt ansvar for at deira vedtak i dei ulike utvala skal vera økonomisk forsvarlege ut frå dei rammer som til ein kvar tid er tilgjengelege.

Arbeidsutvalet konkluderte med at gjeldande delegeringsreglement ivaretek dette på ei tilfredsstillande måte.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet finn ikkje grunnlag for å gjere endringar.

#### **Saksgang/innstillingsrett når ei sak femner om fleire hovudutval**

Arbeidsutvalet har drøfta innstillingsmynde når ei sak femner om fleire hovudutval sine arbeidsområde. Det som finst av regulering i gjeldande delegeringsreglement, er i hovudutvala sine reglement punkt 5 om arbeidsform:

«Når ei sak femner om fleire hovudutval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit hovudutval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.»

Arbeidsutvalet ønsker ei fastare regulering, der vedtak i eitt hovudutval går som innstilling til fylkesutvalet, medan vedtak frå dei andre utvala vert lagt til som vedlegg i saka. Arbeidsutvalet rår til at fylkesordførar aleine tek avgjerd om kva utval som skal gi innstilling i dei høve ei sak femner om fleire utval sine arbeidsområde. Dette for å ha ei fast og praktiserbar regulering. Fylkesordførar står sjølvstøtt fri til å konferere med utvalsleiarar dersom han ønskjer det.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at fylkesordførar aleine avgjer kva hovudutval som skal innstille til fylkesutvalet i dei tilfelle ei sak femner om fleire hovudutval sine ansvarsområde.

#### **Avgjerdsmynde for val av medlemmer til valnemnder i selskap**

Arbeidsutvalet drøfta ei deling av avgjerdsmynde når det gjeld val av medlemmer til styrer, råd mv. I gjeldande reglement er det fylkestinget som gjer alle slike val, etter innstilling frå valnemnda.

Etter arbeidsutvalet si vurdering er det ikkje hensiktsmessig at val til valnemnder og val til styrer i same selskap ofte vert gjort samstundes. For å gjere val til valnemnder i selskap meir fleksible, vil arbeidsutvalet rå til at val av medlemmer til valnemnder i selskap vert lagt til fylkesutvalet, utan at valnemnda innstiller.

#### Delkonklusjon

Fylkesutvalet gjer val av medlemmer til valnemnder i selskap, utan innstilling frå valnemnda.

#### **Avgjerdsmynde hjå trafikktryggingsutvalet**

Arbeidsutvalet drøfta om trafikktryggingsutvalet skulle ha avgjerdsmynde i nokre saker. I gjeldande reglement følgjer at trafikktryggingsutvalet tildeler trafikktryggingsprisen.

Arbeidsutvalet rår til at trafikktryggingsutvalet i tillegg skal ha avgjerdsmynde i følgjande saker:

- tilskot til trafikktryggingsaktiviteter
- tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- tilskot til trafikktryggingsplanar

Dette vil innebære at desse sakene vert avgjort i trafikktryggingsutvalet, og ikkje skal vidare til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

#### Delkonklusjon

Trafikktryggingsutvalet vert gjeve utvida avgjerdsmynde slik det går fram over.

#### **Innstillingsmatrise**

Av kommunelova § 5-14 følgjer at det skal vere eit reglement for korleis vedtaksmynde og innstillingsrett vert delegert. Retten til å innstille er regulert i reglement, men arbeidsutvalet finn at det er hensiktsmessig om det vert ytterlegare tydeleggjort kven ein kan innstille til. Fylkesrådmannen har utarbeidd slikt forslag til tabell:

<b>Organ</b>	<b>Innstiller til</b>
Trafikktryggingsutvalet	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Yrkesopplæringsnemnda	Hovudutval for opplæring og kompetanse

Valnemnda	Fylkestinget
Fylkesutvalet	Fylkestinget
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	Fylkesutvalet
Hovudutval for næring	Fylkesutvalet
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	Fylkesutvalet
Hovudutval for opplæring og kompetanse	Fylkesutvalet
Administrasjonsutvalet	Fylkesutvalet
Fylkesvalstyret	-
Finansutvalet	Fylkesutvalet
Kontrollutvalet	Forslag til budsjett om kontrollarbeidet til fylkestinget

### Uttalerett

<u>Organ</u>	<u>Uttale</u>
Fylkeseldrerådet	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem eldre
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
Fylkesting for ungdom/Vestland ungdomsutval	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem ungdom
Kontrollutvalet	Årsregnskap og årsberetning til fylkestinget
Hovudutvala	I sak om budsjett/økonomiplan til finansutvalet

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at tabellen vert innarbeidd i reglement for folkevalde organ og delegering.

### Hovudutval for næring - oppgåver

Arbeidsutvalet tok opp at omtale i reglement av oppgåver for hovudutval for næring var mangelfull når det gjaldt utvalet sine oppgåver med internasjonalt nedslagsfelt.

Arbeidsutvalet vil på bakgrunn av innspel frå fylkesrådmannen innarbeide slike punkt i reglement for Hovudutval for næring:

- Søknader til EU-program knytt til innovasjon og næringsutvikling der VLFK er prosjektleiar, til dømes Erasmus, Interreg og Horisont Europa.
- Rapportering frå internasjonale samarbeidsarenaer der VLFK er medlem, til dømes Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR), Nordsjøkommisjon (NSC), European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning (EARLALL), Euromontana, Nordatlantisk samarbeid (NORA).

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at punkta over vert innarbeidd.

### Godkjenning av møteprotokoll

Arbeidsutvalet har drøfta regulering/praksis for godkjenning av møteprotokoll.

Det er ikkje lovregulert korleis ein godkjenner møteprotokoll, og fylkeskommunen står derfor fri til å regulere dette. I gjeldande saksbehandlingsreglement er dette regulert slik i punkt 8:

«Organet godkjenner møteboka i påfølgjande møte.»

Praksis har vore at møteprotokollen vert godkjend i påfølgjande møte (som regulert), men utan at merknader/korrigeringar vert innarbeidd i den opphavlege møteprotokollen.

Arbeidsutvalet ønskjer at møteprotokoll som vert publisert tek atterhald for justeringar/revideringar i samband med organet si formelle godkjenning. Etter godkjenning vil så endeleg/revidert møteprotokoll bli publisert. Dette inneber at organet aktivt må ta stilling til innkomne merknader/korrigeringar.

Arbeidsutvalet gjer merksam på situasjonane med medlem som har forfall til påfølgjande møte eller varamedlem som har møtt og ikkje møter i påfølgjande møte. Partigruppene må sjølv syte for at medlem/varamedlem går gjennom møteprotokoll, og at eventuelle merknader kjem innan det påfølgjande møte.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til endring av praksis knytt til publisering og godkjenning av møteprotokoll. Fylkesrådmannen har teke atterhald for at arbeidsutvalet sitt ønske kan gjennomførast.

#### **Forfall til møte i folkevalde organ**

Arbeidsutvalet drøfta om det er trong for å skjerpe fylkeskommunen si regulering knytt til forfall i folkevalde organ. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker er regulert slik i Vestland sitt saksbehandlingsreglement:

«12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker  
Medlemer av folkevalde organ plikter å delta i møta i organet dersom dei ikkje har gyldig forfall. jf. kommunelova § 8-1.

Som gyldig forfall vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast. Organet avgjer sjølv om forfall er gyldig.

Forfall og årsak til forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet, sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter*.

Ein folkevald kan søkje om å verte friteke frå behandlinga av ei sak dersom personlege årsaker tilseier fritak, jf. kommunelova § 11-11. Organet avgjer sjølv om medlemen vert friteke.»

Fylkesrådmannen orienterer om at ein her må skilje mellom digitale verktøy for melding om forfall og innkalling av vara, og vurderinga av om forfallet formelt er å sjå som gyldig forfall. Medlemene melder inn forfall i verktøyet Kaukus, som automatisk kallar inn vara uavhengig av om forfallet er gyldig. Om forfallet er å sjå som gyldig, er det organet som avgjer i det aktuelle møte.

Administrasjonen v/politisk sekretariat vil for framtida vurdere forfall i tilfelle det er grunnlag for det. Administrasjonen vil sende vurdering til den som har meldt forfall, og i møte gi organet vurderinga munnleg. Administrasjonen vil utarbeide ei rutine som handterer dette på ei hensiktsmessig måte.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet finn at gjeldande regulering er tilfredsstillande. Arbeidsutvalet syner til at innmeldte forfall no vil kunne få ei kvalifisert vurdering, og at avgjerda om eit forfall er gyldig ligg til organet sjølv.

#### **Sumarfullmakt til utvalsleiar**

Arbeidsutvalet har teke opp spørsmål om bruk av sumarfullmakt og er gjeve ei generell orientering kring slikt mynde.

Det følger av kommunelova § 5-7 (4) at:

«Utvalget kan gi lederen eller arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.»



Dette er altså eit lovregulert høve til vidaredelegering. Fylkestinget i Vestland har ikkje sete opp noko sperre for slik vidaredelegering. Det inneber at folkevalde organ som er å sjå som utval etter § 5-7, kan vidaredelegere mynde til å treffe vedtak til utvalsleiar i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Ei slik vidaredelegering kan sjølvstøtt avgrensast i tid til å gjelde perioden utvalet ikkje treffast (sokalla sumarfullmakt).

Arbeidsutvalet har kome til at det ikkje er naudsynt med noko regulering av sumarfullmakt i reglementa til hovudutvala eller andre utval.

Arbeidsutvalet gjer merksam på at utvalet sjølv kan delegere mynde til utvalsleiar i eit vedtak i organet.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet finn ikkje grunnlag for å regulere sumarfullmakt til utvalsleiarar. Arbeidsutvalet syner til at utvala sjølv kan vedtak slik myndedelegering.

#### Delegering av mynde til fylkesrådmannen etter forskrift om fylkeskommunen sine oppgåver innanfor friluftsområdet.

Forskrift om fylkeskommunen sine oppgåver innanfor friluftsområdet (vedlagt) trådte i kraft 1.1.2020. Ved ein glipp har ikkje administrasjonen sine innspel om delegering av mynde til fylkesrådmannen nådd fram til fylkestinget ved vedtaking og revidering av reglement for folkevalde organ og delegering.

#### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at oppgåvene som går fram av forskrifta bør liggje hjå fylkesrådmannen av kapasitets- og tidsomsyn.

#### Justeringar i reglement for delegering til fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen ser behov for å justere ordlyd i nokre av punkta i reglement for delegering til fylkesrådmannen, då omgrep er utdatert eller uklar. Nedanfor er stroke ut gamal ordlyd og teke inn fylkesrådmannen sine forslag til ny ordlyd.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ny ordlyd er i samsvar med fylkestinget si opphavelige vilje. Merk at prosjekt som overstig 250 millionar kroner på samferdselsområdet og driftskontraktar (omfattar både drifts- og vedlikehaldskontraktar) i fylkesvegnettet skal til særskild godkjenning i fylkesutvalet, medan investeringsprosjekt som overstig 250 millionar kroner i fylkesvegnettet skal til særskild godkjenning i fylkestinget. Ein slik deling er grunna i tidsomsyn.

#### Under punkt 1.2 Bygg og eigedomsforvaltning

##### Bygging

- gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med ~~vedtekte føresetnader og fastlagd rutine eit kvart politisk vedtak og prosjektstyringssystem i VLFK.~~ (ny ordlyd stroke under)

#### Under punkt 1.3. Samferdsel og mobilitet

Fylkesrådmannen har mynde til å gjennomføre ~~tilbodsevaluering, tildele og inngå buss-, bybane-, snøggått- og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at konkurranse skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke.~~

Alle anbudskontraktar over 250 mill. kroner skal attende til politisk behandling.

Ny ordlyd:

- Gjennomføre tilbodsvaluering, tildele og inngå buss-, bybane-,

snøggått- og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at konkurranse skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke, og i tråd med punkt 1.1 i reglement for økonomiforvaltninga.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkesutvalet til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

### Under punkt 3. Delegering på vegsektoren

Fylkesrådmannen meiner at tilsvarande mynde som ligg til vegsektoren òg må gjelde for utbygging av bybanen. For å sikre naudsynt mynde, vert overskrifta utvida til å omfatte «og utbygging av bybanen.»

### Under punkt 3.1.2. Kontraktar - Investeringsprosjekt

Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Fylkesrådmannen har mynde til å setja i gang andre fylkesvegprosjekt, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår.

### Funksjonskontraktar

Fylkesrådmannen har mynde til å utlyse og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Mynde gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

Alle funksjonskontraktar over 250 mill. kroner skal attende til politisk behandling.

Nedanfor følgjer ny ordlyd. For formuleringane under investeringsprosjekt og driftskontraktar legg fylkesrådmannen til grunn ei forståing om at dette òg omfattar utbygging av gong- og sykkelveg i tilknytning til bybaneutbygging.

### Investeringsprosjekt

#### Fylkesvegprosjekt under kr 250 mill. kroner

- Lyse ut og inngå avtalar om fylkesvegprosjekt under 250 mill. kroner, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår

#### Fylkesvegprosjekt over 250 mill. kroner

- Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

### Driftskontraktar

- Lyse ut og inngå fleirårige driftskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkesutvalet til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

### Under punkt 3.2 Kjøp og sal av eigedom

For alle punkt vert «fylkeskommunale bybanetrasear» eller «utbygging av bybanen» implementert, slik at fylkesrådmannen har naudsynte fullmakter til å gjennomføre disposisjonar knytt til kjøp og sal av eigedom.

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at reglement for fylkesrådmannen vert revidert i tråd med fylkesrådmannen sine forslag.

### **Forslag frå fylkesrådmannen til justeringar i reglement for delegering etter særlov**

I reglement for delegering etter særlov, plan- og bygningslova (nr.41 i reglementet), heiter det om mynde etter § 5-6:

«Fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller den fylkesordføraren gjev mynde deltek i dialogmøte og mekling på vegner av fylkeskommunen.»

Plan- og bygningslova § 5-6 omhandlar mekling, men ikkje dialogmøte. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere hensiktsmessig at fylkesrådmann tek hand om dialogmøte, medan reguleringa kring mekling vert ståande. Fylkesrådmannen vil difor rå til at «dialogmøte» vert stroke frå formuleringa over.

I reglement for delegering etter særlov, straffeprosesslova (nr. 16 i reglementet), har fylkesrådmannen føreteke presiserande justeringar om myndedelinga etter lova.

### **Delkonklusjon**

Arbeidsutvalet rår til at reglement vert revidert i tråd med fylkesrådmannen sine forslag.

### **Om ordninga med konsultative medlem i folkevalde organ**

I Vestland finn ein konsultative medlem i planutvalet, finansutvalet, trafikktryggingsutvalet og yrkesopplæringsnemnda. Av saksbehandlingsreglementet går fram at konsultative medlem er funksjonsvalde, rådgjevande medlem med møte- og talerett. Det går òg fram at konsultative medlem ikkje har forslags- og røysterett.

I ei fersk tolkingsuttale (datert 28.05.2020) har kommunal- og moderniseringsdepartementet vurdert spørsmålet om høve til å gi fast møte- og talerett i folkevalde organ. Bakgrunnen for uttalen var spørsmål frå Kristiansand kommune om kommunestyret kan vedta at andre folkevalde enn formannskapet sine medlemmer kan ha fast møte- og talerett i formannskapet sine møter.

Tolkingsuttalen er lagt ved saka her i sin heilskap. Frå tolkingsuttalen er her sitert sentrale vurderingar og departementet sin konklusjon:

«Kommunelovens utgangspunkt er altså at det er organets medlemmer som har møte-, tale-, forslags- og stemmerett. Når kommuneloven omtaler "medlemmer" av et folkevalgt organ, menes faste medlemmer, men møtende varamedlemmer vil også ha samme rettigheter og plikter som faste medlemmer.

«Departementet mener etter dette at loven og lovens systematikk legger opp til at det kun er organets faste medlemmer som kan ha en alminnelig møte- og talerett.»

«Det må likevel sies at selv om departementets utgangspunkt er at det ikke kan gis permanent møte- og talerett til andre enn de som er valgt inn i organet, er det en åpning for å gi andre enn organets medlemmer mulighet til å uttale seg i enkeltsaker.»

«Selv om § 5-13 og § 11-12 gir kommunestyret en rett til å vedta reglement for formannskapet og reglement for saksbehandlingen i folkevalgte organer, så kan ikke disse reglementene gå ut over det som følger av kommuneloven. Reglement for saksbehandlingen skal kun være supplerende og utfyllende, og kan ikke avvike fra det som allerede er lovregulert.»

«Departementet oppfatter også at juridisk teori gir uttrykk for at det ikke er tillatt å gi andre enn faste medlemmer en alminnelig møte- og talerett. Vi viser i den forbindelse til kommentarer til kommuneloven på rettsdata.no av professor Jan Fridthjof Bernt, note 11-2-4.»

### **«Konklusjon**

Departementet legger til grunn at kommuneloven ikke åpner for at andre enn de faste medlemmene i et folkevalgt organ gis en alminnelig møte- og talerett.»

Departementet er klar på at det ikkje er høve til å gje andre enn dei faste medlemene alminneleg møte- og talerett. Fylkesrådmannen presiserer at det er ei tolkingsuttale, men den tek òg opp i seg juridisk teori. Fylkesrådmannen vil tilrå at uttalen vert lagt til grunn for samansetnaden av medlemmer i folkevalde organ i Vestland. Dette har implikasjonar for konsultative medlem i fleire folkevalde organ i Vestland. Kommunelova opnar ikkje for eit slikt skilje mellom medlem med og utan forslags-/røysterett.

Planutvalet: Hovudutvalsleiarane er konsultative medlem. Arbeidsutvalet har foreslått å leggje ned planutvalet, og ein vil då ikkje ha utfordringar knytt til konsultative medlem.

Finansutvalet: Hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet er konsultative medlem.

Når det gjeld konsultative medlem i finansutvalet, finst fleire løysingar:

- a) Dei kan bli vald inn som faste medlem. I så fall strir dette mot at utvalet skal vere personsamanfallande med fylkesutvalet.
- b) Status som konsultative medlem opphøyrer, dei mister sin funksjon i utvalet
- c) Status som konsultative medlem opphøyrer, men dei vert invitert til å uttale seg i enkeltsaker etter utvalet sitt ønske.

Arbeidsutvalet vil her rå til løysing som skildra i bokstav c.

Trafikktryggingsutvalet:

Følgjande etatar stiller i møte som konsultative medlem:

- Vestland politidistrikt
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunens administrasjon
- Utrykningspolitiet
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)
- Vestland ungdomsutval

I tillegg har fylkesmannen i Vestland takka nei til å delta.

Når det gjeld konsultative medlemmer i trafikktryggingsutvalet, finst slike løysingar:

- a) dei konsultative medlemene vert vald inn som ordinære medlem (personleg)
- b) dei mister status som konsultative medlem, men vert invitert til møte for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker.
- c) ein skil ut dei konsultative medlemene i eit eige administrativt organ
- d) ein avviklar trafikktryggingsutvalet som eit folkevald organ

Kommunelova legg opp til eit tydeleg skilje mellom folkevalde organ og administrative organ. Trafikktryggingsutvalet er organisert som ein hybrid mellom desse, slik tilfelle òg er for trafikktryggingsutvala i ei rekke andre fylke. Arbeidsutvalet vil i denne omgang rå til løysing som skildra i bokstav b. Trafikktryggingsutvalet må sjølv finne beste praksis. Arbeidsutvalet vil dessutan rå til at administrasjonen set i verk ei utgreiing med å vurdere korleis trafikktryggingsutvalet skal vere organisert.

Yrkesopplæringsnemnda:

Ein representant frå opplæringskontora er konsultativt medlem. Aktuelle løysingar:

- a) konsultativt medlem vert vald inn som ordinært medlem
- b) status som konsultativt medlem opphøyrer, men vert invitert til møte for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker.

Arbeidsutvalet rår til løysing som skildra i bokstav b.

### Om fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Kommunelova § 5-12 (1) jf. § 5-2 (2) bokstav e gir mellom anna heimel for å opprette eit medverknadsorgan for ungdom. I Vestland fylke er det oppretta eit fylkesting for ungdom med eit utførande organ, Vestland ungdomsutval. Ein rekkje fylkeskommunar har tilsvarande ordning som Vestland, med eit fylkesting for ungdom og eit utførande organ/arbeidsutval.

Kommunelova § 5-1 (2) ledd bokstav e opnar for at arbeidsutval kan nemnast opp, men berre der dette er særskild bestemt. Det er ikkje gjeve slik opning for arbeidsutval/utførande organ for medverknadsorgana. Kommunal- og regionaldepartementet har stadfesta denne forståinga i tolkingsuttale (vedlagt).

Slik fylkesrådmannen og arbeidsutvalet vurderer saka, skuldast manglande opning for arbeidsutval ei glipp hjå lovgjevar. Arbeidsutvalet vil difor føreslå at ein ikkje gjer endringar i etablert ordning, men at administrasjonen gjer ei formell førespurnad til kommunal- og regionaldepartementet der ein adresserer utfordringa.

### Delkonklusjon

Arbeidsutvalet rår til at fylkesrådmannen rettar ei formell førespurnad til kommunal- og regionaldepartementet vedkomande etablert ordning med fylkesting for ungdom og eit arbeidsutval.

### Vidare arbeid

Arbeidsutvalet opplever at reglement for folkevalde organ og delegering er eit levande dokument som stadig kan utviklast og forbetrast. I eit nytt fylke, som Vestland framleis er, gjer dette seg særskild gjeldande.

Arbeidsutvalet rår til at arbeidet med å revidere reglementet held fram mot ei ny revidering i fylkestinget i mars 2021. For å oppretthalde kontinuitet i arbeidet, foreslår arbeidsutvalet at det ikkje vert gjort endringar i samansetnaden av medlemene.

Arbeidsutvalet legg opp til totalt fire møter fram mot mars 2021.

### Konklusjon

Arbeidsutvalet rår til at føreslegne endringar i reglement for folkevalde organ og delegering vert vedteke.

Arbeidsutvalet rår til at føreslegne praksisendringar vert gjennomført.

Arbeidsutvalet ber administrasjonen gjere ytterlegare utgreiingar slik det går fram av saksframlegget.

Arbeidsutvalet held fram med arbeidet sitt med revidering av reglement for folkevalde organ og delegering.



# Reglement for folkevalde organ og delegering

September 2020

# Innhald

<b>Generelt om reglement for folkevalde organ og delegering .....</b>	<b>7</b>
Innleiing .....	7
Generelt om delegering.....	7
<b>Reglement for fylkestinget.....</b>	<b>9</b>
1. Samansetjing.....	9
2. Oppgåver .....	9
3. Saksbehandling.....	11
<b>Reglement for fylkesutvalet .....</b>	<b>13</b>
1. Samansetjing.....	13
2. Oppgåver .....	13
3. Avgjerd i hastesaker .....	15
4. Mynde til fylkesordføraren.....	15
5. Reglar for saksbehandling.....	15
6. Fråsegn .....	15
7. Høyringsuttale .....	16
<b>Reglement for finansutvalet .....</b>	<b>17</b>
1. Samansetjing.....	17
2. Oppgåver .....	17
3. Saksbehandling.....	17
4. Arbeidsform.....	17
<b>Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering .....</b>	<b>18</b>
1. Utval. Samansetjing .....	18
2. Oppgåver .....	18
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .....	19
4. Saker der utvalet gjev tilråding .....	19
5. Arbeidsform.....	19
6. Saksbehandling.....	20
7. Fråsegner.....	20
<b>Reglement for hovudutval for næring .....</b>	<b>21</b>
1. Utval. Samansetjing .....	21
2. Oppgåver .....	21
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .....	22
4. Saker der utvalet gjev tilråding .....	22
5. Arbeidsform.....	22
6. Saksbehandling.....	23
7. Fråsegner.....	23

<b>Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse .....</b>	<b>24</b>
1. Utval. Samansetjing .....	24
2. Oppgåver .....	24
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .....	25
4. Saker der utvalet gjev tilråding .....	25
5. Arbeidsform.....	25
6. Saksbehandling.....	26
7. Fråsegner.....	26
<b>Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet.....</b>	<b>27</b>
1. Utval. Samansetjing .....	27
2. Oppgåver .....	27
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .....	28
4. Saker der utvalet gjev tilråding .....	28
5. Arbeidsform.....	28
6. Saksbehandling.....	29
7. Fråsegner.....	29
<b>Reglement for administrasjonsutvalet .....</b>	<b>30</b>
1. Samansetjing.....	30
2. Oppgåver .....	30
<b>Reglement for valnemnda .....</b>	<b>32</b>
1. Samansetjing.....	32
2. Oppgåver .....	32
3. Saksbehandling.....	32
4. Arbeidsform.....	33
<b>Reglement for fylkesvalstyret.....</b>	<b>34</b>
1. Samansetjing.....	34
2. Oppgåver .....	34
3. Saksbehandling.....	34
<b>Reglement for klagenemnda .....</b>	<b>35</b>
1. Samansetjing.....	35
2. Oppgåver .....	35
3. Saksførebuing .....	35
4. Saksbehandling.....	35
5. Klagenemnda sin kompetanse, grunngjeving og rett til omgjering .....	36
<b>Reglement for trafiktryggingsutvalet .....</b>	<b>37</b>
1. Samansetjing.....	37
2. Oppgåver .....	37
3. Arbeidsform.....	38
4. Saksbehandling.....	38



<b>Reglement for yrkesopplæringsnemnda .....</b>	<b>39</b>
1. Samansetjing.....	39
2. Oppgåver .....	40
3. Arbeidsform.....	41
4. Saksbehandling.....	41
<b>Reglement for medverknadsorgana.....</b>	<b>42</b>
1. Samansetjing.....	42
2. Oppgåver .....	43
3. Arbeidsform.....	44
4. Saksbehandling.....	44
<b>Oversikt innstillingsrett folkevalde organ .....</b>	<b>45</b>
<b>Oversikt uttalerett folkevalde organ.....</b>	<b>46</b>
<b>Reglement for saksbehandling .....</b>	<b>47</b>
1. Målform .....	47
2. Inhabilitet .....	47
3. Teieplikt .....	48
4. Tolking av reglement .....	48
5. Møteprinsippet .....	48
6. Møteoffentlighet, lukking av møte og fjernmøte.....	48
7. Utvida innsynsrett for folkevalde organ.....	49
8. Møtebok.....	50
9. Fylkesrådmannen si saksførebuing og rolle i møtet. Sekretariat.....	50
10. Innkalling og sakliste .....	51
11. Behandling av saker.....	51
12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker .....	52
13. Vedtaksført organ og opning av møtet.....	52
14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking.....	52
15. Forslagsrett .....	53
16. Røysting .....	53
17. Ny behandling av avgjort sak .....	54
18. Spørsmål .....	54
19. Deputasjonar .....	55
20. Orienteringar.....	55
21. Partsinteresse .....	55
22. Lovlegkontroll.....	55
<b>Reglement for økonomiforvaltninga .....</b>	<b>56</b>
Innleiing .....	56
1.Fylkestinget .....	56
2. Fylkesutvalet.....	57
3. Hovudutvala .....	57

4. Fylkesrådmannen.....	57
5. Budsjettoppfølging.....	58
6. Disponeringsfullmakt.....	58
7. Årsavslutting .....	58

## **Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga ..... 59**

1. Finansreglementet sitt virkeområde .....	59
2. Heimel og gyldigheit .....	59
3. Forvaltning og forvaltningstypar .....	60
4. Føremålet med fylkeskommunen sin finans- og gjeldsforvaltning.....	60
5. Generelle rammer og avgrensingar.....	60
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål.....	61
7. Forvaltning av fylkeskommunen sin låneportefølje og andre finansieringsavtaler .....	64
8. Forvaltning av fylkeskommunen sine langsiktige finansielle aktiva .....	66
9. Etske retningslinjer.....	67
10. Konstatering av avvik, vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko.....	67
Vedlegg .....	68

## **Reglement for delegering til fylkesrådmannen..... 70**

1. Økonomi .....	70
2. Personalforvaltning.....	71
3. Delegering på vegsektoren og utbygging av bybanen .....	72
4. Gjeremål fastsett i særlov .....	73
5. Utanrettslege pengekrav.....	73
6. Mynde til å skrive under avtalar/kontraktar.....	73
7. Mynde som underinstans .....	73
8. Mynde til å handtere ein krisesituasjon .....	73
9. Bruk av delegert mynde .....	74

## **Delegering etter særlov..... 75**

1. Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr. 1. ....	75
2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1 .....	75
3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16.....	75
4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17.....	75
5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr. 4 med forskrifter .....	76
6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr. 2.....	76
7. Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16 .....	76
8. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr. 3.....	76
